



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marianne Lunder Kjelby, 55 57 20 55

Vår dato
30.12.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/11481 621
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Fylkesmannen avsluttar tilsyn med barnevernstenesta

Fylkesmannen har avslutta tilsynet knytt til kommunen sin rapportering om at fleire barn venta på tiltak frå barnevernstenesta. Barna som vart rapportert å vere utan tiltak per 30.juni i år, har fått dei tiltaka barnevernstenesta vurderte som naudsynte.

Fylkesmannen viser til vårt brev av 29. september 2014 der vi på bakgrunn av kommunen si halvårsrapportering på barnevern opna tilsyn. Vi fekk tilbakemelding i brev datert 9. oktober 2014.

Det gjekk fram av halvårsrapporten at Meland kommune på rapporteringstidspunktet hadde 15 barn som venta på tiltak frå barnevernstenesta. Fylkesmannen bad kommunen gjere greie for årsaka til dette, kor mange av tiltaka som i ettertida var sett i verk, og når kommunen rekna med å ha resterande tiltak i gang.

Det går fram av tilbakemeldinga at tiltak no er sett i verk.

Fylkesmannen takkar for tilbakemeldinga. Vi legg til grunn at kommunen sikrar at barnevernstenesta utfører sine oppgåver i samsvar med lovkravet og at leiinga følgjer med på at dette blir gjort. Vi tek til orientering at barna som vart rapportert å vere utan tiltak per 30.juni i år, no har fått dei tiltaka barnevernstenesta vurderte som naudsynte.

Fylkesmannen avsluttar med dette saka.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonsleiar

Marianne Kjelby
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Barneverntenesta i Meland Postboks 79 5906 FREKHAUG

